

Osing taler styresmakten

Klimaforskar Helge Drange meiner norske styresmakter dekkjer over informasjon om CO₂-utslepp frå olje og gass produsert her til lands.

Me møter klimaforskar Helge Drange (53) som var ein snartur innoom heimbygda for å snakka om klimaet og framtida for planeten vår. Professoren er oppvaksen i Lysefjorden, ikkje langt unna Terje Søviknes.

– Eg hugsar Terje så vidt frå skuletida. Han er nokre år yngre enn eg, men me var meir eller mindre naboar, seier professoren.

– Og no står desse to lysefjordingane på kvar si side i klimasaka - den eine som klimaforskar og den andre som oljeminister?

– Eg merkar meg at du seier oljeminister. Han er jo faktisk olje- og energiminister. Men eg er einig i at det eigentleg er ei treffande skildring av hans rolle. Eg og Søviknes snakkar nok litt forskjellige språk, seier Drange.

Han meiner Søviknes føyer seg inn i ei lang rekkje av olje- og energiministrarar som ikkje tek klimaendringane alvorleg nok.

– Det er godt, vitskapleg grunnlag for å seia at menneskeskapte klimaendringar er eit eksistensielt problem. Eit problem med ein svært lang tidshorisont. Me har eit klart ansvar ikkje berre for komande generasjonar, men også for å unngå utrydding av artar på jorda. Det er så viktig at det må vera paraplyen over alt anna. Terje Søviknes forstår det, men han representerer tankegangen om framleis vekst, og snakkar om å ha tru på framtida. Men eg og han har to ganske ulike forståingar av kva som vil vera ei god framtid på ei jord med stadig fleire mennesker, seier Drange.

Professoren refsa statleg propaganda

Helge Drange har vunne fleire prisar for framifrå formidling av forskning. Og han er ikkje redd for å seia frå når han ser noko han meiner er feil. Seinast i januar var professoren ute i media og refsa norske styresmakter. Han gjekk i rette med «villedende informasjon og uredelighet i fremstillingen av den virkelige klimasituasjonen i Norge», heitte det i VG.

– Korleis meiner du at norske styresmakter dekkjer til problemet?

– Formelt sett informerer dei i tråd med det som ligg til grunnfor klimaforhandlingar og -avtalar. Då er perspektivet korleis me kan få ned utsleppet i Noreg, og ein snakkar mykje om elektrifisering av sokkelen og liknande symbolpolitikk. Men det viktige spørsmålet er heilt fråverande frå debatten: korleis kan me få ned det globale utsleppet med 80-90-100 prosent dei komande tiåra?

Han viser til at den viktigaste indikatoren som viser kor fossilavhengige me er, er CO₂-utsleppet. Og her er Noreg på jumboplass i Europa, berre slått av Kypros.

– 70 prosent av utsleppa frå sokkelen må fjernast for at Noreg skal koma ned på 1990-nivået. Den røyndomen vert underkommunisert, seier Drange.

– Kjøp av positiv opinion

Me viser klimaprofessoren eit sitat Terje Søviknes uttalte til lokalavisa då han var heilt fersk som olje- og energiminister. Han uttalte at «meir norsk olje og gass er bra i eit klimaperspektiv». Grunngevinga var at den norske oljeproduksjonen er rein, og at det er «dei som forbrukar olje og gass

som må betala». Ikkje me som berre produserer det.

Drange seier dette er eit godt døme på den historia styresmakten prøver å selja til innbyggjarane.

– Dette handlar om å laga ei historie som fortel at sjølve produksjonen av olje og gass i Noreg er rein, for å skapa fortsatt aksept for dagens politikk blant innbyggjarane. Og så kjem argumentet «me produserer reinast, me gjer det best». Statoil brukte akkurat det same argumentet då dei gjekk inn i oljesand-prosjektet i Canada. Viss ikkje me gjorde det, ville nokon andre gjera det. Og me kunne trass alt gjera det betre enn alle andre. Men det blei faktisk verre, seier Drange.

Han meiner at det er villeiande å snakka om kven som har den reinaste produksjonen av olje og gass, når sjølve produksjonen berre utgjer to til tre prosent av det totale utsleppet.

– Utsleppet frå olje og gass produsert i Noreg er ti gonger høgare enn det som elles vert sleppt ut her. I Noreg snakkar ein om elektrifisering av sokkelen (landstraum til oljeplattformane), men det bidreg ikkje til å få ned utsleppa globalt. Gassen som tidlegare blei brent på ein oljeplattform, blir no brent i Tyskland i staden. Det norske klimarekneskapet vil sjå betre ut, men utsleppa går ikkje ned. Du kan samanlikna det med eit avlat som den norske staten betalar for å framleis ha ein positiv opinion knytt til olje og gass, seier professoren.

Den norske pengemaskina og klimaendringane

At Noreg tener pengar på olje- og gasseskport medan andre må betala for klimautsleppa, meiner Drange gjev oss eit ekstra ansvar.

– Hugs at det er heilt tilfeldig at me har desse oljeressursane så å seia under føtene våre, og dette har gjeve oss stor rikdom. Men korleis forvaltar me rikdommen på vegner av dei som lever i dag, og på vegner av dei som skal koma? På vegne av naturen og biologisk mangfald?

– Kanskje det blir eit for langt perspektiv til at det politiske miljøet og det offentlege ordskiftet klarer å ta det inn over seg?

– Det kan godt henda. Men den same Søviknes reiste rundt i fjor etter flaum og ras ulike stader på Vestlandet. Han sa: «Ja, dette er alvorleg», og «her må storsamfunnet trø til». Men det er jo faktisk slik at vêret er i endring på grunn av den norske pengemaskina. Men slike spørsmål får ikkje Søviknes frå korkje VG, Aftenposten eller NRK. Kvar er den kritiske journalistikken?

– Kva meiner du bør gjerast?

– Ein bør aktivt arbeida for å redusera den fossile tidsalderen. Det er vanskeleg å sjå det skje når stadig nye blokker blir lyste ut for oljeutvinning, avsluttar Drange.

► Øystein Lid
ol@osogfusa.no



KLIMAPROFESSOREN FRÅ OS: Helge Drange (53) er oppteken av å formidla kunnskap om klimaet

e midt i mot



FAKTA

HELGE DRANGE

- ▶ Fødd 8. februar 1965
- ▶ Oppvaksen i Lysefjorden
- ▶ Tok doktorgraden i oseanografi i 1994
- ▶ Vart forskingsdirektør ved Nansensenteret
- ▶ Vart professor II i klimamodellering ved Universitetet i Bergen
- ▶ Var med på FNs klimapanel sin fjerde hovudrapport
- ▶ Jobbar bl.a. med klimavariasjon- og endring, moglege endringar i Golfstraumen, havnivåendring, samt opptak og frigjering av CO₂ frå havet
- ▶ Drange er også synleg i media, og har stått fram med klare einingar om klimapolitikk
- ▶ Har vunne fleire prisar for god forskingsformidling
- ▶ I januar i år fekk han 0,5 mill. kroner frå Olav Thon Stiftelsen for framifrå undervisning. Midlande vil han bruka på studentane



HØGARE UTSLEPP: Skrur me att krana i Noreg, får me ei tilsvarande auke i oljeproduksjonen ein annan stad – og klimagassutsleppa globalt blir høgare sidan norsk produksjon i snitt har 50% lågare CO₂-utslipp enn snittet i verda. (Foto: Arkiv)

Olje- og energiministeren svarer Helge Drange

Terje Søviknes seier at klimaforskaren tek feil når han hevdar at Noreg ikkje tek ansvaret oljerikdommen har gjeve oss, på alvor.

Klimaforskar Helge Drange hevdar at styresmaktene ikkje tek sitt ansvar for å få ned verdas oljeavhengigheit og redda klimaet, på alvor. Det er olje- og energiministeren ikkje einig i.

– Me tek vårt ansvar og gjer vårt, men ting går ikkje så fort som Helge Drange skulle ønska seg. Eg er einig med Drange i at me går i ei retning der verdas energimiks vert samansett av ein større del fornybar energi – og det er bra. Men det krev ei teknologiutvikling, og at me får ned kostnadene på fornybare energikjelder. Det er ikkje alle land som er så heldige som Noreg, som har nær 100 prosent reine energikjelder tilgjengeleg, seier Søviknes.

– **Må ikkje bli for navlebeskuande**
– Drange meiner regjeringa driv med symbolpolitikk når ein byter ut gass med landstraum (elektrifisering) på oljeplattformene, og let andre land brenna gassen. Utsleppet er det same, men det norske reknestykket ser betre ut?

– Han har heilt rett i at det ikkje er nokon skilnad for det globale utsleppet om gassen blir brent i Noreg eller i Tyskland. Hadde me latt vera, kunne me t.d. eksportert meir rein vasskraft til Europa. Difor er regjeringa tydeleg på at det må vera samfunnsøkonomisk lønsamt dersom ein skal elektrifisera eit prosjekt, seier Søviknes.

– Drange kritiserer deg for den eine dagen å beklaga effektar av klimaendringar – som hyppigare ras og flaum – og neste dag jubla for «den norske pengemaskina» som han meiner ligg til grunn for klimaendringane?

– Det er berre tull. Noreg står for berre to prosent av verdas olje og gass, så den norske pengemaskina har isolert sett ikkje stor innverknad på klimaendringane. Difor understrekar eg at klimaendringane er eit globalt problem, og det må løysast glo-

balt. Det er navlebeskuande å tru at me kan løysa det her i Noreg. Skrur me att krana her, får me ei tilsvarande auke i oljeproduksjonen ein annan stad – og klimagassutsleppa globalt blir høgare sidan norsk produksjon i snitt har 50% lågare CO₂-utslipp enn snittet i verda.

– **Olja gjer grøn satsing mogleg**
– Men me tener pengar på dette som fører til klimaendringar?

– Ja, men nettopp det at me har tent så store pengar, gjer at me som nasjon har musklar til å ta ei leiande rolle innanfor satsing på teknologi og fornybar energi. Me kunne til dømes ikkje ha teke oss råd til å subsidiera elbilar i den grad me har gjort, utan dei økonomiske musklane olja har gjeve oss, seier Søviknes.

Han nemner også Enova-satsinga, fullskala karbonfangst som kjem opp til Stortinget i løpet av våren, og Statoil sitt prosjekt med å konvertera naturgass til hydrogen.

– Grunnen til at me kan ta oss råd til å gå føre med satsing på ny grøn teknologi, er nettopp den rikdommen olja har gitt oss, seier Søviknes.

Mogleg å gjera begge deler

Olje- og energiministeren legg til at alle seriøse analysar syner at verda framleis vil etterspørja olje ei god stund framover. Han viser til dømes til rapporten frå IEA (International Energy Agency) som kom i fjor haust.

– Eitt av scenaria dei tek fram, er tograders-scenariet (målet om maks to graders temperaturauke frå førindustrielt nivå til 2050). Dei peikar på at det framleis er rom for 70 mill. fat olje per dag i 2040 mot dagens 100, og samtidig nå togradarsmålet. Ja, det vert ein nedgang i produksjonen, men altså framleis eit behov. Og så lenge verda etterspør olje, kvifor skal Noreg melda seg ut? Dersom me gjer det, vil olja berre bli produsert ein annan stad – og det einaste som skjer for Noreg sin del, er at me går glipp av inntekter og arbeidsplassar, seier Søviknes.

▶ **Øystein Lid**

ol@osogfusa.no